

Spørsmål til kandidater ved bispedømmerådsvalet 2023

Takk for at du stiller til valg!

Fagforbundet er den største arbeidstakerorganisasjonen i fellesrådslinja i Den norske kirke. Men vi har også medlemmer blant alle yrkesgrupper i begge arbeidsgiverlinjer og en egen fagforening for prester, teologene. Vi er opptatt av at hele arbeidsfellesskapet skal ha en jobb de kan leve av og med og at alle skal få utvikle seg som fagpersoner.

For at medlemmene skal ha et best mulig beslutningsgrunnlag i kirkevalget, har vi formulert noen spørsmål om temaer som ikke gis så mye oppmerksomhet andre steder.

Lykke til, og på forhånd takk!

Spørsmål til bispedømmerådskandidater

Navn: *Dag-Olav Bjorøy*

Bispedømme: *Bjørgvin*

Liste: *Nominasjonskomiteens liste*

1

Hva legger du i begrepet *tverrfaglighet* i kirkelig sammenheng? Hvordan kan tverrfaglig samarbeid ute i kirkestabene bli bedre?

Svar: Tverrfagleg betyr (som elles i samfunnet) på tvers av faggrensar. I vårt fellesrådsområde har vi klare fagseksjonar (og prestane i tillegg), til kvart sokn har vi knytt sokneteama med medlemmer frå alle fagseksjonane våre og soknepresten. Sokneteama jobbar opp mot soknerådet sine planar og prioriteringar og samarbeider med soknerådet. Dette er godt, tverrfagleg samarbeid.

2

Den norske kirke står i en særstilling blant trossamfunnene. Et eget kapittel i trossamfunnsloven, delt finansiering der kommunene finansierer den største andelen og gravplassansvaret er tre viktige elementer i dette. Hvilke muligheter og hvilket ansvar mener du følger denne særstillingen?

Svar: At kommunane finansierer den største delen av kyrkjeleg arbeid, betyr at kyrkja må «skjerpe seg» for å vere synleg og relevant lokalt. Dette er samanfallande med både tradisjon og evangelium. Ulempa er at kyrkja blir i større grad avhengig av kommuneøkonomien; den kan vere skral her og der.

3

Hvilken betydning mener du gravplassforvaltningen har for lokalkirken?

Svar: Dette er todelt. Dels er det ein måte å vere relevant på (med sterkt diakonalt fokus på alle samtalaner med dei sørgjande, uansett kor dei «hører til»). Dels er dette eit område som gir arbeidsplassar ute i kyrkjelydane, dette blir gjerne kombinert med kyrkjetenarstilling slik at vi får fleire heiltidsstillingar.

4

Er det viktig for deg at fellesrådet beholder denne allmenne tjenesten? Har du tanker om hva som vil kreves av fellesrådet fremover for å kunne ivareta denne oppgaven til beste for alle innbyggere i kommunen?

Svar: Ut frå svaret på førre spørsmålet, skulle det gå fram at det er viktig for meg at fellesrådet kan

halde på denne allmenne tenesta. Det som krevst av fellesrådet for å forvalte dette oppdraget i framtida er at arbeidet er gjennomsyra av respekt for dei som brukar gravplassane. Samarbeidsforum mellom alle brukargrupper er essensielt (og hos oss og i nabokommunane får vi godt skussmål frå ei andre deltakarane i samarbeidsforumet).

5

Det er mye deltid blant ansatte i menigheter og fellesråd. Hvordan kan flere fellesrådsansatte få større/hele stillinger?

Svar: I små fellesråd (gjerne med store geografiske avstandar) er det eit stort problem at tilsette ikkje kan få å stor stillingsandel som dei ønskjer. I større fellesråd er problemet mindre, men vi har «same problemet» som i helsevesenet: Mykje helgearbeid. Det er i utgangspunktet to svar på spørsmålet:

(a) Få større løyvingar slik at vi kan auke stillingane

(b) Kombinere ulike funksjonar (eksempelvis diakon/ungdomsarbeidar eller kyrkjetenar/gravplassarbeidar).

6

Hvilken betydning mener du ansattes medbestemmelse og mulighet til påvirkning blir for en vellykket utredning og implementering av den nye kirkelige organiseringen?

Svar: Dette er ein politisk prosess der dei folkevalde i Kyrkjemøtet skal leggje rammene for den nye organiseringa. Dette skal vi ha respekt for. Det ser elles ikkje ut til at høvet til påverknad frå i alle fall ei av gruppene av tilsette, har vore for lite i denne saka. Dei tilsette har rettar og plikter i forhold til lovverk og tariffavtale; dette må vere retningsgjevande for korleis dei tilsette skal handtere denne saka på ein god måte.

7

Hvor mener du de største utfordringene ligger i Kirkemøtets arbeid med ny kirkelig organisering?

Svar: Utgangspunktet er eit vedtak om EI arbeidsgjevarlinje frå KM 2005. Vedtaket i 2022 kan sjåast på som ein omkamp på dette. Og når konsekvensutgreiing av framlegg manglar (både i 2022 og i 2023), blir det vanskeleg for eit KM å gjere gode vedtak. I tillegg er det det sterke interesser som driv med utstrekt lobbyverksemd inn mot KM.

8

Hva er viktigst for deg i det videre arbeidet med organiseringsspørsmålet?

Svar: At vi får ei kyrkje som kan forkynne Kristus og formidle den kristne kulturarven på ein relevant måte for innbyggjarane i landet vårt. I eit samfunn som stadig går i retning av å setje individet framfor fellesskapet er det eit vesentleg bidrag. Dette betyr at vi (med lokal finansiering) er avhengig av lokal styring og godt, tverrfagleg arbeid i dei einskilde sokna.